Formannskapet : Behandling av sak 142/2026 i møte den 19.10.2026:

Forslag framsatt i møte

Solveig Romsø Øye	SP	Endringsforslag Tema Næring: Området Viganeset, tilhøyrande gnr/bnr 71/1 og 71/3, forblir LNF. Området som er dyrka mark på Viganeset, innspel 77, blir endra frå industriføremål til LNF.
Gaute Hauge	AP	Tema Bustad: Bustadfelt :innspel 78 og 121 på Fisterhammaren skal behaldast i planen.
Torunn Munthe	H	Endringsforslag Tema Bustad: Ta inn: • Innspel 6 - 10 boliger i Hjelmeland Panorama. • Innspel 23 - 65/3 mfl. R49 Hundsnes-Askvika bustadfelt, vedtatt 2014 • Puntsnes - Gnr 63/3 utviding av eks. felt mot nordvest ca. 30da. frihald strandsone.
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Endringsforslag Tema Bustad: Dei to tomtene i innspel nr 56 blir tatt med vidare i kommuneplanen som bustader. Kort avstand til R13, busstopp og samfunnshuset.
Janne Johnsen		Kommunedirektøren si innstilling Hjelmeland kommune legg forslag til Kommuneplanen sin arealdel 2027-2038 ut til offentleg ettersyn slik vist i framlegget; dvs Plankart, føresegner og planskildring jf vedlegg +

For følgjande tema er planforslaget ikkje endeleg, og forslaget vil bli supplert for desse temaene i tilleggsak til areal- og forvaltningutvalet og formannskapet og kommunestyret før heile planen blir lagt ut på høyring:

Formål:
Kap. 3 Samferdsel og teknisk infrastruktur

Omsynssoner:
Kap. 7.2 Støysoner
Kap. 7.3 Faresoner
Kap. 7.4 Sone med særleg krav til infrastruktur
Kap. 7.5.3 Grøntstruktur
Kap. 7.5.4 Bevaring naturmiljø
Kap. 7.5.5 Bevaring kulturmiljø

Linjer:
Kap. 8 Føresegner som linjer
Kap. 9 Samferdsel/infrastruktur som linjer

Planen omfattar alt areal i Hjelmeland kommune med følgjande unntak:
Arealet som vist i kartskisse i saksframlegg over Melsøyrane- Mele - Svadberg inkludert del av Kommunedelplan RV13 Årdalstunnelen som ligg i Hjelmeland kommune.
Denne avgrensa delen blir teke ut av det pågåande planarbeidet, med sikte på å lage eigen kommunedelplan for arealbruken her.
Målsetjinga for dette kommunedelplanarbeidet framgår av vurderinga i saken, og må konkretiserast ved oppstart av ny kommunedelplan.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre redigeringsendringar i samband med utsending til høyring.

Torunn Munthe	H	Endringsforslag Fritidsbustad: H14 beholde 72/6 i kommuneplan

Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Endringsforslag innspel 37 på 2.6 Fritids- og turistformål Forslår å ta med hele innspillsområde som fritids og turistformål. Nødvendig avstand og eventuell kantsone mot elva avklares på grunnlag av konkrete faglige vurderinger.
Torunn Munthe	H	Nytt forslag fritids- og turistføremål: • Sande, utvidelse av bobilparkering, ny oppstilling mot nord, jf skisse på ca. 1,5 daa • 

Ståle Halsne	KRF	Nytt forslag: Området som ligg mot sjøen ved Kommunehuset og Vågahuset vert satt av til fritids- og turistformål.
Torunn Munthe	H	AFU - Råstoffutvinning: Innspel 105/BRP5 Sanduttak - Tjentland, Årdal går inn i planen. Korrigering av heimel: Knutsvikheia vert vidareført som omsynssone for mineralressurs i kommuneplanens arealdel, med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.
Ståle Halsne	KRF	Råstoffutvinning: Omsynssone Knutsvikheia blir tatt ut.
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Råstoffutvinning: Endringsforslag på Masselager Riskedal, Åsen 99/6. Masselager tas inn i planen. Området har kort avstand til rv13 med eigen avkjøring. Kan nyttast som dyrka mark i etterkant Endringsforslag på hensynssone masseuttak Hensynssone masseuttak Riveland tas inn i planen. Endringsforslag Området på Ingvaldstad der kommunedirektøren foreslår massedeponi, endres til kombinasjon massedeponi/næring. Endringsforslag Industriareal Barnevik den del over veg ned til kai som kombinasjon massedeponi/næring Endringsforslag på BRP 3 Nei, endre til omsynssone. (Moen)
Dagfinn Svadbe	SP	Fritids- og turistføremål: Områda i innspel 112 utleigehytter Fister, dei to i vest, blir og teke ut av planen.

rg Hatløy		
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Næring: Justert grense eigen kommunedelplan pkt6.2. Svadberg og Melsøyrane: 
Torunn Munthe	H	Tema Næring: Endringsforslag: Planområdet RS9 (til næring) behandles og vedtas i kommuneplan, uavhengig av en eventuell plansamordning på et senere tidspunkt. Som vist i kart areal på flaten nedenom gravfelt/areal som ligger på tilsvarende kote høyde som Årdal Aqua
Ståle Halsne	KRF	Tema Næring: Næringsområde på Mjølhus blir tatt ut.
Torunn Munthe	H	Tema Næring: Puntsnes: Utvide område inn på Oskar Ommundsen grr 63 bnr 2,4. det legges inn ca 10 daa.
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Endringsforslag på Tema 4 Grøntstruktur - sti Jøsenfjorden Ta ut stien langs Ulla frå Hauge bru til Storhogg (dvs Storhoggfossen). Området er fulldyrka og området blir ikkje brukt til turgåing.

Torunn Munthe	H	Endringsforslag Grøntstruktur: • Sande - Solvang tursti. TD2 og gjennomføringssone G1 blir tekne ut av kommuneplanen. Området skal vidare forvaltast etter gjeldande reguleringsplanar, samt underliggjande arealformål i kommuneplanen.
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Endringsforslag LNF på spreidd bustadbygging Ynskjer å ta inn innspel 140 om å gjere om Porsmyr til spreidd bustadbygging i LNF.
Torunn Munthe	H	Endringsforslag Akvakultur: A15 Hundsnes videreføres som akvakultur, men som lågintensiv Tilleggsspørsmål: Korleis definerer kommunen omgrepet «lågintensiv akvakultur» i kommuneplanen, og kva type anlegg er omfatta av omgrepet? Treng begrepa tas inn i plan?
Torunn Munthe	H	Føresegner og retningslinjer: *Endringsforslag § 2 Unntak frå plankrav:* *Unntak frå plankrav i bebygde område dersom følgjande vilkår er oppfylt:* 1. *Utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil 4 nye einingar*. Endringsforslag §4: • Byggverk og faste konstruksjonar skal normalt ikkje plasserast nærare enn 4 meter frå senter kommunal vass- og avløpsleidning. Kortare avstand kan tillatast dersom det blir dokumentert at framtidig drift, vedlikehald og utskifting av leidningane er sikra.

- Lukking av bekkar skal som hovedregel ikkje tillatast. Unntak kan vurderast når særlege grunnar ligg føre og nødvendig avbøtande tiltak blir dokumentert.
- Naturbaserte overvassløysingar bør leggjast til grunn. Alternative løysingar kan nyttast dersom det dokumenterast at dei gir tilfredsstillande handtering av overvatn og flaum.

Endringsforslag §13 Massedisponeringsplan:
Føresegn etter plan- og bygningslova § 11-9 nr. 3. Ved regulering og utbygging skal massehandteringa planleggjast slik at behovet for transport, deponering og tilførsel av massar blir redusert mest mogleg. Det skal leggjast til rette for massebalanse innanfor planområdet eller i nærliggjande område der dette er praktisk gjennomførbart og miljømessig forsvarleg.
For reguleringsplanar og tiltak som medfører vesentlege terrenginngrep eller overskotsmassar skal det utarbeidast massedisponeringsplan. Planen skal vise masseoverskot, masseunderskot og planlagt handtering av massane.
Før igangsetjingsløyve blir gitt skal det dokumenterast korleis overskotsmassar skal handterast i samsvar med gjeldande regelverk. Reine overskotsmassar skal vurderast gjenbrukte innanfor planområdet eller i nærliggande område før levering til eksternt mottak eller deponi. Kommunen kan krevje nærare dokumentasjon dersom tiltaket medfører vesentlege masseforflyttingar eller terrenginngrep.

Endringsforslag §16 Leikeplassar:

- Ved bustadutbygging skal det sikrast tilstrekkelege areal for leik og uteopphald. Ved vurdering av behovet for nye leikeplassar skal det takast omsyn til eksisterande leikeplassar, nærmiljøanlegg, skuleområde og andre offentlege aktivitetsareal dersom desse har tilfredsstillande kapasitet, kvalitet og trygg gangtilkomst.

Krav om nye leikeplassar kan fråvikast dersom det blir dokumentert at eksisterande anlegg dekker behovet på ein tilfredsstillande måte.

Endringsforslag §21: Differensiering av høgde ift takform:

		Saltak: Maksimal mønehøgde 6,2 m, maksimal gesimshøgde 4,0 m. Endringsforslag §29 Rekkefølgjekrav for avslutning av pågåande og opning av nye sand- og grusuttak: • Før nye råstoffuttak blir regulerte skal det vurderast om eksisterande uttak i nærområdet har tilfredsstillande framdrift, avslutningsplan og istandsetjing. Samla belastning på landskap, naturmiljø, transportnett og nærområde skal inngå i vurderinga. (Ertstatter 2. avnsitt med justeringar).
Ståle Halsne	KR F	Føresegner: Område I1 - Viganeset. Følgende tas ut av retningslinjer: *"Planen skal sikre betre utnytting av området (fortetting av eksisterande), og rekkefølgjekrav om at område som i dag ikkje er nytta til landbruksproduksjon skal utnyttast før nedbygging av dyrka mark."*
Arthur Fjeldheim Egeland	SP	Føresegner og retningslinjer: § 2: Unntak frå plankrav i bebygde område dersom følgjande vilkår er oppfylt: 1) utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil ~~2~~ 3 nye einingar.

Behandling

Habilitet

Representanten Kleppa (SP) reiste spørsmål om sin habilitet i høve tema næring, som grunneigar, og tema akvakultur. Ho vart røysta ugild i tema næring vedk. Viganeset, og gild i tema akvakultur (samrøystes).

Representanten Hatløy (SP) reiste spørsmål om sin habilitet vedk. Svadberg, som grunneigar. Han vart røysta gild (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Kommunedirektøren gjekk frå i tema Bustad og vart erstatta av Kommunalsjef samfunn og næring.

Saka vart behandla etter tema (bustad, fritidsbustad osb).

Behandling av saka - Røysting:

Tema Bustad:
Endringsforslag frå Hauge, AP: Falt mot 4 stemmer (H, Krf og AP)
Endringsforslag frå Munthe, H: Falt, mot 4 stemmer (H, Krf, AP)
Innspel 6: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
Inspel 23: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
Innspel 118: Falt mot 1 stemme (Munthe, H)
Endringsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke

Tema Fritidsbustad:
Endringsforslag frå Munthe, H: Vedteke mot 1 stemme Kleppa (SP)

Tema Fritids- og turistføremål:
Endringsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke
Nytt forslag frå Munthe, H - kun bubil: Samrøystes vedteke

Google Maps



Bilder ©2026 Airbus,Maxar Technologies,Kartdata ©2026 5 m

https://www.google.com/maps/@59.2323615,6.1632723,72m/data=!3m1!1e3?entry=ttu&g_ep=EgoyMDI2MTAxMy4wIKXMDSoASAFQAw%3D%3D

Sande, utvidelse av bobilparkering, ny oppstilling mot nord, jf skisse på ca. 1,5 daa

Nytt forslag frå Halsne, KrF: Falt mot 3 stemmer (H og KrF)
Endringsforslag frå Hatløy, SP: Vedtatt mot 2 stemmer (H)

Tema Råstoffutvinning:
Endringsforslag frå Munthe, H: Vedtatt mot 2 stemmer (Øye og Kleppa, SP)

Endringsforslag frå Egeland, SP:
- Masselager Riskedal: Samrøystes vedteke
- Omsynssone massedeponi Riveland: Samrøystes vedteke
- Massedeponi Ingvaldstad: Samrøystes vedteke
- Industriareal Barnevik**:** Samrøystes vedteke
- Endringsforslag på BRP 3 Moen: Samrøystes vedteke

Endringsforslag frå Halsne, KrF: Falt mot 4 stemmer (KrF, Kleppa, Hatløy og Øye (SP))

Tema Næring:
Endringsforslag frå Øye, SP: Falt mot 1 stemme (Øye, SP)
Forslag frå Egeland, SP - Kommunedelplan: Vedtatt mot 1 stemme (Kleppa. SP)



Endringsforslag frå Munthe, H - Årdal: Falt mot 4 stemmer (AP, KRF, H)
Endringsforslag frå Halsne, KrF: Samrøystes vedteke
Endringsforslag frå Munthe, H - Puntsnes: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)

Tema Naturområde / Grøntstruktur:
Endringsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke
Endringsforslag frå Munthe, H: Falt mot 4 stemmer H, AP og Øye (SP)

Tema LNF:
Representanten Kleppa, SP, reiste spørsmål om sin habilitet vedr. område Vasstøl. Ho gjekk frå mens dei behandla dette området og fekk delta i behandlinga av resten av teamet.

Representanten Haslne, reiste spørsmål om sin habilitet pga forslag som ligg føre i området der han bur. Han gjekk frå mens dei behandla dette området og fekk delta i behandlinga av resten av teamet.

Røysting:
Endringsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke

Tema Akvakultur:
Endringsforslag frå Munthe, H: Vedtatt mot 1 stemme (Hatløy, SP)

Tekstdel føresegner og retningslinjer:
Endringsforslag frå Munthe, H:
§ 2: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
§ 4: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
§ 13: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
§ 16: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
§ 21: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)
§ 29: Falt mot 3 stemmer (H og Krf)

Endringsforslag frå Halsne, KrF: §32 Falt mot 4 stemmer (H og Krf, AP)
Endringsforslag § 2.1 frå Egeland, SP: Vedtatt mot 1 stemme (Kleppa, SP)

Heile planen med vedtekne endringar: Vedtatt mot 1 stemme (Kleppa, SP)

Vedtak

Kommunedirektøren si innstilling

Hjelmeland kommune legg forslag til Kommuneplanen sin arealdel 2027-2038 ut til offentleg ettersyn slik vist i framlegget; dvs Plankart, føresegner og planskildring jf vedlegg +

For følgjande tema er planforslaget ikkje endeleg, og forslaget vil bli supplert for desse temaene i tilleggsak til areal- og forvaltningutvalet og formannskapet og kommunestyret før heile planen blir lagt ut på høyring:

Formål:
Kap. 3 Samferdsel og teknisk infrastruktur

Omsynssoner:
Kap. 7.2 Støysoner
Kap. 7.3 Faresoner
Kap. 7.4 Sone med særleg krav til infrastruktur
Kap. 7.5.3 Grøntstruktur
Kap. 7.5.4 Bevaring naturmiljø
Kap. 7.5.5 Bevaring kulturmiljø

Linjer:
Kap. 8 Føresegner som linjer
Kap. 9 Samferdsel/infrastruktur som linjer

Planen omfattar alt areal i Hjelmeland kommune med følgjande unntak:
Arealet som vist i kartskisse i saksframlegg over Melsøyrane- Mele - Svadberg inkludert del av **Kommunedelplan RV13 Årdalstunnelen** som ligg i Hjelmeland kommune.

Denne avgrensa delen blir teke ut av det pågåande planarbeidet, med sikte på å lage **eigen kommunedelplan** for arealbruken her.

Målsetjinga for dette kommunedelplanarbeidet framgår av vurderinga i saken, og må konkretiserast ved oppstart av ny kommunedelplan.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre redigeringsendringar i samband med utsending til høyring.

Planen (kommunedirektøren si innstilling) vart vedtatt med følgjande endringar:

Tema Bustad:
Dei to tomtene i innspel nr 56 blir tatt med vidare i kommuneplanen som bustader. Kort avstand til
R13, busstopp og samfunnshuset.

Tema Fritidsbustad:
H14 beholde 72/6 i kommuneplan.

Tema Fritids- og turistføremål:
Innspel 37 på 2.6 Fritids- og turistformål:
Foreslår å ta med hele innspillsområde som fritids- og turistformål. Nødvendig avstand og eventuell
kantsone mot elva avklares på grunnlag av konkrete faglige vurderinger.

Nytt forslag fritids- og turistføremål:

- Sande, utvidelse av bobilparkering, ny oppstilling mot nord, jf skisse på ca. 1,5 daa

Google Maps



Bilder ©2026 Airbus,Maxar Technologies,Kartdata ©2026 5 m

https://www.google.com/maps/@59.2323615,6.1632723,72m/data=!3m1!1e3?entry=ttu&g_ep=EgoyMDI2MTAxMy4wIKXMDSoASAFQAw%3D%3D

- Endring - Fritids- og turistføremål:

Områda i innspel 112 utleigehytter Fister, dei to i vest, blir og teke ut av planen.

Tema Råstoffutvinning:
Innspel 105/BRP5 Sanduttak - Tjentland, Årdal går inn i planen.

Korrigering av heimel: Knutsvikheia vert vidareført som omsynssone for mineralressurs i kommuneplanens arealdel, med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c.

Endring på Masselager Riskedal, Åsen 99/6:
Masselager tas inn i planen. Området har kort avstand til rv13 med eigen avkjøring. Kan nyttast som
dyrka mark i etterkant

Endring hensynssone masseuttak:
Hensynssone masseuttak Riveland tas inn i planen.

Endring:
Området på Ingvaldstad der kommunedirektøren foreslår massedeponi, endres til kombinasjon massedeponi/næring.

Endring:
Industriareal Barnevik den del over veg ned til kai som kombinasjon massedeponi/næring

Endring på BRP 3:
Nei, endre til omsynssone. (Moen)

Tema Næring:
Justert grense eigen kommunedelplan pkt6.2. Svadberg og Melsøyrane:



Endring:
Næringsområde på Mjølhus blir tatt ut.

Tema Grøntstruktur:

Endring - sti Jøsenfjorden:
Ta ut stien langs Ulla frå Hauge bru til Storhogg (dvs Storhoggfossen). Området er fulldyrka og
området blir ikkje brukt til turgåing.

Tema LNF:

Endring spreidd bustadbygging:
Ynskjer å ta inn innspel 140 om å gjere om Porsmyr til spreidd bustadbygging i LNF.

Tema Akvakultur:

Endring: A15 Hundsnes videreføres som akvakultur, men som lågintensiv.

Tilleggsspørsmål: Korleis definerer kommunen omgrepet «lågintensiv akvakultur» i kommuneplanen, og kva type anlegg er omfatta av omgrepet? Treng begrepa tas inn i plan?

Tema Føresegner og retningslinjer:

§ 2: Unntak frå plankrav i bebygde område dersom følgjande vilkår er oppfylt:

1) utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil ~~2~~–3 nye einingar.